

Løyve til seksjonering gjeve

23.01.2011

Kommunen har gjeve Uskedalen Eigedom AS løyve til seksjonering av eigedommen som har gardsnummer 123 og bruksnummer 370 og ligg i Uskedalsvegen 555.(Hagetunet).

Løyvet gjeld oppdeling i 6 seksjonar og parsellen skal nyttast til bustadhus.

Søknaden gjeld planlagt bygning der løyve til tiltak vart gjeve i mars i fjor.

Eigedommen er omfatta av reguleringsplan som vart vedteken i november 2009.

Seksjonane har tilleggsareal som gjeld frittstående garasje.

Seksjonering blir nytta der ein eigedom består av fleire sjølvstendige eigedomar som skal seljast og pantsetjast kvar for seg og der det ikkje er naturleg å dela eigedomen på vanleg måte ved ein delingsforretning. Typisk er leiligheitsbygg i fleire høgder, forretningsgardar eller ein blanding av desse.

Ved ein seksjonering vil det alltid vera eit fellesareal som alle eigarane har ein andel i. Alle seksjonseigarane er samstundes ein del av eit sameige, les ein i Wikipedia.